SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Opplæringsavdelinga

Sakshandsamar:
Essi Annika Mäki
E-post: Essi.Annika.Maki@sfj.no
Tlf.: 41231721

Vår ref.
Sak nr.: 19/4285-3
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
42085/19

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 20.08.2019

Notat

Til: Hovudutval for opplæring

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Status for inntak til skule og formidling til opplæring i bedrift for skuleåret 2019-2020

Inntak til skule
I første inntaket som var klart 4.juli vart det teke inn 3948 søkarar med ungdomsrett. Det er om lag 65 færre enn året før. Då var det 188 søkarar som så langt ikkje hadde fått tilbod om skuleplass og 359 320 ledige skuleplassar. I høve året før var det 28 fleire utan tilbod og 39 fleire ledige plassar.

Andre inntaket var klart for søkarane 27.juli. Kvart år er det færre inntekne etter andre inntaket enn etter første inntaket, og det skuldast at søkarar takkar nei til plassar i første inntaket, men vi har ikkje søkarar på vent til alle desse plassane. I år var det vesentleg færre inntekne, 76 mot 25 året før Samtidig fekk 69 nye søkjarar anten plass eller dei fekk nytt tilbod om plass på eit høgare ønske. Etter andre inntaket var talet søkarar som ikkje hadde fått tilbod om plass redusert til 125, mot 69 året før.

Ledige skuleplassar

Etter andre inntaket var det 440 ledige plassar, også i fjor var talet ledige plassar etter andre inntaket på det nivået.
Ledige plassar fordelte seg slik:

	totalt
Vg1	88
Vg2	229
Vg3	124

På vg1 var det 30 på studiespesialisering, 5 på elektrofag, 6 på helse- og oppvekstfag, medium og kommunikasjon 9 og 12 på naturbruk. På naturbruk var det etter 2. inntak innteke berre 12 søkarar til dei to gruppene. Fylkesdirektøren og rektor avgjorde tilsetting av lærar ikkje vart gjennomført. Frigjorte ressursar vil bli nytta ved skulen for å løyse utfordringar med å gje alle tilbod.

Søkarar som ikkje fekk tilbod om skuleplass

Som konsekvens av innføring av Vigo sentralbase (alle fylka i ein felles base, med ulike tilgangar) er det innført nytt analyseverktøy, Qlik. Det viste seg at rapportane som var utarbeidd for å gje oversikt over søkarar utan tilbod, ikkje fanga opp alle. Dette er utbetra, men fylkesdirektøren har framleis uro for om det er søkjarar vi ikkje har fanga opp.
Av dei 125 søkarane som stod utan tilbod om skuleplass etter andre inntaket var 57 på vg1, 36 på vg2 og 132 på vg3. Tal søkarar til vg1 som stod utan tilbod var vesentleg høgare enn tidlegare og høgare enn forventa. Det var mellom 8-12 søkjarar utan tilbod i kvart av utdanningsprogramma elektro, helse og oppvekst, service og samferdsel, studiespesialisering og teknikk og industriell produksjon. Det var samtidig ledige plassar i alle desse utdanningsprogramma, ved andre skular enn det var søkt til.

Etter 2. inntak stod det att 21 søkarar til vg3 påbygging til generell studiekompetanse. Per 19.august er det framleis registrert 14 søkarar til påbygging til generell studiekompetanse utan tilbod om skuleplass. Ut frå erfaringar frå tidlegare år, reknar vi likevel med at alle får eit tilbod innafor eksisterande kapasitet, då mange sluttar dei første vekene.

Per 19.august var det registrert totalt 35 søkarar utan tilbod. Det er vesentleg fleire enn dei siste åra, men fylkesdirektøren reknar med at ein i samarbeid med skulane skal finne løysingar. Det kan bli aktuelt å be skulane ta inn ein ekstra elev i nokre av gruppene, men det er naturleg å vente til ein har oversikt over oppmøte ved skulestart og endringar den første veka. Det er framleis nokre ledige plassar, men ikkje der vi treng dei.

Formidling til opplæring i bedrift

Det var 498 søkjarar med ungdomsrett som søkte opplæring i bedrift som første ønskje. Pr 19.08.2019 var det 114 av disse som ikkje var registrert med læreplass. I fjor pr 21.08.2018 var det 82 søkjarar utan læreplass.

Det vi ser i år er at det er mest søkjarar utan læreplass innanfor helsearbeidarfaget (15), elektrikarfaget (15), og tømrarfaget (10). Vidare er det 5 søkjarar utan læreplass til desse faga; anleggsmaskinførar-, barne – og ungdomsarbeidar-, industrimekanikar-, kokke-, røyrleggjar- og salsfaget. Dei resterande søkjarane til læreplass fordelar seg jamt til andre programområde.

Alle som var registrert utan læreplass pr 15.08.2019 vert kalla inn til møte på næraste vidaregåande skule den 21.08.2019. I dette møte vil alle få individuelle samtalar med arbeidslivskontakten for å kartleggje situasjonen til den enkelte.

Fylkesdirektøren arbeidar med å stara opp vg3 i skule for elektrikar- og helsefag. Når det gjeld dei andre faga arbeidar fylkesdirektøren mot bedrifter og andre fylkeskommunar for å finna løysningar for den enkelte.